



OSTERØY INDUSTRILAG

v / Industrikonulenten på Osterøy
5282 Lonevåg

Telefon 56 19 22 70
e-post lars.mjøs@osteroyindustrilag.no

ÅRSMELDING FOR ARBEIDSÅRET 2013

Godkjend av årsmøtet 25.3.2014

ÅRSMØTET I 2013

Årsmøtet vart halde 21.3.2013 hjå Gunnebo Anja Industrier AS med omvising med fokus på robotar og automatisering. Me fekk også orientering om Norsk Koreansk Kultursenter sine planar for utvikling av kultursenteret på Bruvik.

MEDLEMSMØTE

Me har ikkje hatt noko eige medlemsmøte i meldingsperioden.

PERSONALNETTVERKET

Det var møte i personalnettverket 16.5.13 med lønsforhandlingane som tema.

50 ÅR JUBILEUMSFEST

Den 13.3.2014 var det 50 år sidan laget vart skipa og dette vart markert med ein skikkeleg festm fredag 14.3.2014 med ca 100 deltakarar på Grønskaret. Me hadde ein flott 3-rettarmiddag med indrefilet som hovudrett. Festen vart leia av Espen Gjerstad som også spelte til dans. Formann Lars Magne Bysheim holdt tale med orientering om arbeidet i laget og om festen og han takka alle medverkande både i lagsarbeidet og no med den flotte festen. Formannen hadde også kjekke underhaldningsinnslag. Formannen delte ut Norges Vel sin medalje for lang og tro teneste til Lars Mjøs for meir enn 31 år som tilsett i laget. Lars Mjøs, som vart svært overraska og glad, takka for medaljen og holdt ein tale med fokus på Industrikonulentverksemda. Sogeskrivforfattar Geir Kleiveland orienterte om m.a. skipinga av laget og kva tema som

hadde vore i fokus. Me fekk fleire helsingar både frå tidlegare tillitsfolk og frå ordførar Kari F Aakre og rektor ved Osterøy vidaregåande skule, Magne Espelid. Ordføraren overrekte ein stor treplakett laga av motorsagkunstnaren Arne Askeland som kan nyttast som vandreplakett til den medlemsverksemda som har størst del av dei tilsette med på fysisk aktivitet. Stor takk til tur- og festnemnda, Rolf Hagebø og Johan Solberg, for flott tilrettelegging av festen som absolutt var ein 50-åring verdig; deltakarane fekk ein veldig kjekk kveld og fekk med seg heim det ferske sogeskrivet på 72 sider.

OSTERØY INDUSTRILAG 1964-2014

50 år var eit godt tal for samling av Industrilaget si soge mellom 2 permar. Styret engasjerte forfattar Geir Kleiveland til å stå for dette arbeidet. Sekretæren hadde mykje arkivmateriale frå dei vel siste 30 åra og noko frå tidlegare, men ein god del mangla. Brita Borge hadde levert eige og Ola Borge sitt arkivmateriale på museet og med godt detektivarbeid både i arkiv og ikkje minst ved samtalar med tillitsfolk, klarte Geir Kleiveland å lage ei god og samla framstilling av soga til laget i ei lita bok på 72 sider, også med mange fine bilete. Opplaget var på ca 1000 eksemplar. Ei bok pr par vart delt ut på jubileumsfesten og medlemmene får elles 10 bøker pr bedrift.

STYREMØTE

Styret har hatt 4 møte; 25.6.13, 25.11.13, 14.1.14 og 10.2.14. Eimund Øvsthus vart i det første styremøtet attvald som nestformann.

SAKER

50 år jubileumsfesten og søgeskrivet for laget har vore ei stor og viktig sak i meldingsåret.

Me har engasjert oss sterkt for realisering av planane om **omlegging av fv 567 gjennom Hosanger**. Det synte seg at kostnadene ville bli vesentleg høgare enn dei budsjetterte ca 16 mill kr. I ein kritisk fase på ettersomaren 2013 tilbød formannen og nestformannen i eit møte med fylkeskommunen og Statens vegvesen 1 mill kr i kompensasjonsmidlar. Før jul innvilga fylkestinget 45,3 mill kr til prosjektet. For å få betre massebalanse vart prosjektet utvida slik at ein no også får god veg og fortau i nedste delen av Hoshovdelia. Det vert start på anleggsarbeidet sommaren 2014

Me har arbeidd for oppretting av ei **landslinje for CNC og robot ved Osterøy vidaregåande skule**, men det har butta litt imot, m.a. uventa i Norsk Industri/NHO, så me er ikkje komne noko serleg vidare.

Me har, m.a. saman med vår mobiltelefoni-avtalepartnar Ventelo, arbeidd mykje for betre **Telenor mobildekning**. Nokre plassar er det gjerne blitt litt betring, men me er langt frå nøgde enda. Mellom anna er det framleis ikkje Telenor-dekning i Tirsåstunnelen. Så me har ikkje sett serleg store resultat den seinare tid av vår kartlegging og våre innspel til Telenor.

Den 6.6.13 vitja ei gruppe **småbedriftsleiarar frå Thüringen i Tyskland** 3 av våre medlemsverksemdar samt Kompetansesenteret for CNC og robot.

Me har engasjert oss i høve kommunen sin **vassforsyningsplan**. Me gjorde innspel om at planane for vassforsyning til **Tysse** burde gjerast om og baserast på vatn frå Fotlandsvåg, noko som no er vedteke.

Formannen deltek i arbeidsgruppa for utarbeiding av ein **felles regional nærings- og utviklingsplan for Nordhordland**.

Laget og fleire av medlemsverksemdene har støtta opp under arbeidet for å kome med i den nye ordninga frå Innovasjon Norge; «Kompetanseutvikling i regionale næringsmiljøer». Industrikonsulenten arbeidde aktivt for å utvikle og å få realisert prosjektet «**Kompetanseutvikling i CNC og robot-næringsmiljøet i Hordaland**» med Osterfjord Næringsamarbeid som formell søkjar.

I første omgang fekk prosjektet innvilga kr 100.000 til forprosjekt og fekk i februar 2014 melding om at hovudprosjektstøtte på ca 3 mill kr var innvilga. Høgskolen i Bergen vil no førebu ein bachelor og ein master innan fagfeltet og tilsvarende vil Bergen tekniske fagskole tilby eit program for fagskolekandidatar. Og Kompetansesenteret for CNC og robot vil vere ein aktiv samarbeidspartnar.

Me har arbeidd i kulissane for å få andre aktørar til å overta **breibandsfiberen** på Osterøy som Nettstar «kjøpte» av Osterøy kommune for fleire år sidan. Salet til Nettstar skulle bidra til at m.a. næringslivet skulle få betre breibandtilbod, men Nettstar har ikkje bidratt til dette. No er fleire av våre medlemmer på Hauge og på Raudberget blitt fiberabonnentar hjå BKK.

Formannen og nestformannen har hatt møte med arbeidsutvalet i styret for **Nordhordland Handverk- og Industrilag** og har drøfta ulike samarbeidsformer.

På eitt av styremøtene var **ordførar Kari Aakre** og **leiar i Nordhordland Utviklingsselskap, Rune Heradstveit**, inviterte og orienterte m.a. om **kommunesamarbeid og kommunestruktur**.

Styret sende uttale i samband med oppstart av utarbeiding av reguleringsplan for **Holmane næringsområde i Fotlandsvåg**. Me støtta tiltaket og oppfordra om at prosessen måtte kunne gjennomførast på ein enkel måte; me tykte planprogrammet var vel omfattande for eit område som har vore brukt til industri og næring frå mellomkrigstida.

Me har ved fleire høve engasjert oss for oppretthalding og styrking av undervisningstilbod ved **Osterøy vidaregåande skule**. Like før jul var me pådrivar i «**Aksjon Vg2 Design og tekstil/interiør og utstillingsdesign frå hausten 2014**». Skuleadministrasjonen i fylkeskommunen gjekk i siste runde ikkje inn for oppretting av tilbodet. Me inviterte m.a. til møte i Of & With AS/Ætt sin popup-butikk i Bergen der det vart profilert og seld ei rekkje Osterfjord designprodukt. Me fekk saka på den politiske dagsorden og me trur me var nære på å lukkast. Me vil stø opp under initiativ for oppstart i 2015.

Styret har engasjert seg i høve bussjåførane si køyrenekt for **bussrute om Flatevad**.

Styret har i mange år arbeidd for betre tilgang til **næringsareal** på Osterøy. Den 3.10.2012 vart områderegulering av **Espevoll næringsområde**

godkjend. Vinteren 2013 la utbyggjaren fram eit utkast til utbyggingsavtale. Kommunen ville fremje sitt eige framlegg, men noko framlegg til utbyggingsavtale er enda ikkje presentert. Styret vil aktivt følgje opp og øve press i denne saka; også når det gjeld vatn/avløp og ei gjennomførbar løysing for auka trafikktryggleik i **Vesetgjelet**.

'**Samarbeidsutvalet for Osterfjordregionen/Høgskolen i Bergen** har initiert fleire samarbeidsaktivitetar, m.a. bedriftsbesøk og forskning ved Osterøy vidaregåande skule om korleis TIP-elevar gjer sine val og forskning innan teknologileiing der fleire av våre medlemsbedrifter stiller opp.

Sigbjørn Reigstad i Lonevåg Beslagfabrikk AS driftar **industrilags-nettverket mellom folk på Osterøy med personalansvar**. 16.5.2013 var det møte hjå Mjøs Metallvarefabrikk AS med m.a. lønsforhandlingane som tema.

Osterøy Industrilag er aktiv deltakar i "**Næringsalliansen**", ei interessegruppe for næringsforeiningar i Bergen og eit nokså vidt omland. Formannen er aktiv medlem i arbeidsutvalet for Næringsalliansen, også attvald for 2013. Samferdsle og kompetanse har hovudfokus.

Osterøy Industrilag er medlem i **Bergen Næringsråd**.

På **heimesida** www.osteroyindustrilag.no, legg me ut nyhende og anna aktuell informasjon.

E-post er viktig kanal for informasjon og kontakt med medlemmene; ca 16 fellesmeldingar til medlemmene i perioden.

Osterøy kommune er fullverdig medlem i **Regionrådet for Nordhordland** og er medeigar i **Business Region Bergen AS** gjennom Nordhordland.

Utmelde: Bergen Nordhordland Rutelag AS.

Innmelde: iDrift AS, Os. Fjordcharter Norway AS i plassen for Bergen Nordhordland Rutelag AS

Industrilaget har **35 medlemsverksemdar** med ca 860 **tilsette**.

TILLITSFOLK

Styret:

Formann Lars Magne Bysheim, på val
Nestformann Eimund Øvsthus, på val
Tor Georg Hella, på val
Kjell Lerøy, ikkje på val
Ivar Solberg, ikkje på val

Varamedlemmer:

Johan Solberg, på val
Rolf Hagebø, på val
Eileen Aasheim, på val

Turnemnd: Johan Solberg og Rolf Hagebø, begge på val

Styringsutvalet for Industrikonsulentene:

Sigbjørn Reigstad med Willy Helgesen som personleg vara, på val
Arne Hansen med Stig Eknes som personleg varamedlem, ikkje på val
Ordføraren i Osterøy; Kari Foseid Aakre

Revisor. Norodd Helle, på val.

Valnemnd, begge på val: Arnbjørn Vevle og Asle Nilssen.

Leif Tore Solberg er på vegne av Industrilaget leiar i rådet for Kompetansesenteret for CNC og robot der også Industrikonsulenten er medlem.

Sigbjørn Reigstad koordinerer Industrilaget sitt personalnettverk.

INDUSTRIKONSULENT- VERKSEMDA

Industrilaget er arbeidsgjevar for Industrikonsulenten på Osterøy, sjå eiga årsmelding/rekneskap. Industrikonsulenten er sekretær for Industrilaget for kr 40.000 pr år.

Kommunen løyver årleg 150.000 kr til denne verksemda. Denne løyvinga er og med i kommunen sitt langtidsbudsjett.

Industrikonsulenten deltek i Osterfjord Næringsamarbeid som har avtale med Fylkeskommunen om næringsutviklingsarbeid og mottok 189.000 kr for dette i 2013. I 2013 fekk Osterfjordregionen også til rådvælde via fylkeskommunen 954.000 kr til Regionalt næringsfond for Osterfjord. Industrikonsulenten har hatt sekretariatsfunksjonen for Osterfjord Næringsamarbeid 2005-2013. Industrikonsulenten fekk i 2013 ei godtgjersle frå Osterfjord Næringsamarbeid på kr 35.000 for næringsutviklingsarbeid og kr 70.000 for sekretariatsfunksjonen.